

(98)

FORSLAG TIL REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR OMRADA
LANGS ARNE GARBORGS VEG FRA JERNBANEN TIL KONG HAAKONS VEG.

BUSTADOMRADA

- § 1. Tomtene skal nyttast til bustadformål.
Bygningsrådet kan i særlege høve, og dersom det ikkje fører til vesentlege ulemper for omkringliggande bustader, godkjenna mindre verksemdar knytta til bustadene.
- § 2. Kor ikkje anna framgår av plankartet kan bygningane oppførast i 2 etasjar. Gesimshøgda skal ikkje overstige 4 m for 1 etasjars og 6 m for 2 etasjars bygning. Gesimshøgda skal målast frå planert terreny til skjæring mellom takflate og veggflate.
- § 3. Den enkelte tomt kan utbyggast med inntil 1/4 av sitt nettoareal. Garasje kjem i tillegg.
- § 4. Det kan i området oppførast einbustad, tomannsbustad eller opp til 4 mindre husvære i same bygg.
- § 5. Bygningsrådet kan i særlege tilfeller fastlegge eigne byggehøgder, takformer og møneretning for enkelthbygningar eller for husgrupper som høyrer naturleg saman.
- § 6. Det skal tilretteleggast 2 biloppstillingsplassar pr. husvære på eiga tomt. Utkjøring frå garasje og biloppstillingsplass skal utformast slik at det gir tilfredsstillande oversikt. Felles garasjeanlegg og biloppstillingsplassar for fleire tomter kan tillatast etter plan godkjend av bygningsrådet.
- § 7. Bygningsrådet skal ved deling av bustadeigedom krevja at det blir avsett trafikktrygg felles leikeplass for to eller fleire eigedommar. Leikeplassen skal opparbeidast samtidig med bustaden.

OMRADA FOR OFFENTLEG FORMAL

- § 8. Bygningane kan oppførast i inntil 4 etasjar.
- § 9. Før bygningsrådet godkjenner bygging av enkeltbygg skal det føreligga godkjend busetnadsplan for området som viser korleis bygget inngår i samla utbygging.
- § 10. Som del av byggemelding for enkeltprosjekt kan bygningsrådet krevja framlagt opparbeidingsplan for uteareala. Rådet kan og krevja at opparbeiding skal gjennomførast som del av byggeprosjektet og ferdigstillast saman med det.
- § 11. Uteareala skal gis ei tiltalende utforming. Materialbruk og utforming av støttemur o.l. skal godkjennast av bygningsrådet. Utandørs lagring er ikkje tillatt.

FRIOMRADA

- § 12. Friområda kan nyttast til rekreasjon, leik, idrett, turveggar o.l. Bygningsrådet kan godkjenna bygningar i friområda dersom dei har direkte tilknytning til desse formåla.

SPECIALOMRÅDET: LANDSKAPSVERN MED FUGLELIVSFREDING.

- § 13. For området gjeld "Vernereglar for søndre Frøylandsvatn landskapsvern- og fuglefredingsområde i Time kommune, Rogaland fylke". Vernereglane følger som vedlegg til reguleringsplan med føresegner. Tiltak innafor spesialområdet må ikkje strida mot reglane.

FELLESREGLAR

- § 14. Verdefulle steingardar og vegetasjon skal vernast. Særleg verdefulle tre er avmerka på plankartet. Desse kan ikkje fjernast utan godkjenning av bygningsrådet. Rådet kan stilla vilkår for slik godkjenning, f.eks. nyplanting.
- § 15. Kor det ikkje framgår av plankartet er byggegrense mot kommunal veg 4 m. Bygningsrådet kan etter nærare vurdering fastlegga andre grenser.
- § 16. Det er ikkje tillatt med andre avkjøringar til Arne Garborgs veg enn dei som framgår av planen.
- § 17. Frådeling og nybygg kan bare godkjennast med utkjøring på riksvegen i samsvar med planen. Bygningsrådet kan setja som krav for frådeling/byggemelding at også eksisterande bygningar/verksemd blir knyta til godkjend avkjøring. Ved større byggearbeid kan bygningsrådet krevja at enkeltutkjøringar til Arne Garborgs veg blir stengde, og at ein eller fleire eigedommar får fellesutkjøring til tilliggande bustadgater.
- § 18. I området mellom frisiktlinjer og vegkant skal det vera fri sikt i ei høgd av 0,5 m over dei tilgrensande vegars plan.
- § 19. Det er ikkje tillatt ved private servituttar å etablere forhold som strider mot desse reguleringsføresegnene.
- § 20. Unntak frå desse føresegnene kan, kor særlege grunnar talar for det, tillast av bygningsrådet innafor rammen av bygningslova og bygningsvedtektene for Time kommune.

Time kommune, teknisk etat 15.07.88

korrigert 20.02.89